



Stem på  
Øystre Slidre SV



# Kvifor røyste SV i Øystre Slidre?


Ei røyst på SV vil vere ei røyst for miljø og rettferd, for å ta klimakrisa på alvor, for nytenking innan arbeid- og næringsliv, for meir openheit og dialog mellom kommunen og innbyggjarar/hytteigarar og ikkje minst for betre kommunale tenester, der dei i dag ikkje er gode nok, til dømes innan eldreomsorg, miljøteneste i skulen og forvaltning.

SV stiller til val med eit stort fleirtal kvinner på lista vår og har mange unge med. Dette gjer oss til eit godt alternativ for alle dei som vil ha likestilling og at dei unge slepp til.



**1. kandidat**  
**Bjørn Kjensli**

Eg vil jobbe for at elva Vinda med sitt naturmangfald blir verna som eit friluftsområde i nærmiljøet for innbyggjarar og tilreisande.



**2. kandidat**  
**One Granli Enerud**

Eg vil at vi skal redusere ulikskapen i kvardagen gjennom gode tilbod til vanskelegstilte. Vi må sikre at kultur- og fritidstilbodet når alle.

## Øystre Slidre SV ynskjer fylgjande:

- Ein ny klima- og miljøplan for å redusere utslepp og ta betre vare på miljøet
- Ein klimarekneskap som viser om vi når våre eigne mål
- Eit klimanøytralt Øystre Slidre seinast i 2025
- At urørt natur og naturmangfald må vege mykje meir i planlegging og avgjerder
- At Vinda vert verna
- At vi får innført ei fjellgrense for hyttebygging og andre faste anlegg
- At eldreomsorga skal skine og ikkje bleikne
- At vi skal redusere ulikskapen i kvardagen gjennom gode tilbod til vanskelegstilte
- At vi får eit dagtilbod innan psykisk helsetenester
- At miljøteneste vert ein del av skulekvarden med eigne miljøarbeidarar på kvar skule
- At vi får gratis skulemåltid i barneskulen
- At barnehagane har plass til alle borna og ei bemanning av vaksne og pedagogiske tilsette minst etter norma for 2019
- At frivilligsentralen får meir ressursar for å mobilisere fleire for fellesskapet
- At kultur- og fritidstilbodet når alle
- At bygningsvern og kulturminne vert oppvurdert som saksfelt i kommunen
- At bustadtilbodet til unge vaksne vert betre og meir variert enn i dag
- At arealplanlegging vert betre og meir langsiktig, og talet på dispensasjonsar stramma inn
- At vi får eigen klima-/miljørådgjevar i kommunen eller delt med ein nabokommune
- At leiarfilosofien i kommunen byggjer på tillit og openheit
- At næringsarbeidet i kommunen byggjer på kunnskap og stadbundne ressursar, der berekraft er ein føresetnad
- At stølsdrifta vert stimulert for å take vare på tradisjon og kulturlandskap og utnytte utmarksressursane
- At vi får i gang eit prosjekt «Huga på gard» i vår kommune
- At vi gjer tiltak for å styrke lokaldemokratiet, og at fleire vert involvert i politisk arbeid og avgjerder.



## Nominasjonsliste for Øystre Slidre SV

1. Bjørn Kjensli
2. One Granli Enerud
3. Edward Keilman
4. Torill Krogvold
5. Berit Karlberg Myrvang
6. Sivert Andreas Holmen
7. Nina Espeseth Grønbekk
8. Kathrin Hofmann Aslaksby
9. Tore Granli
10. Mari Ormberg

På nettsida vår finn du fullstendig valprogram, presentasjon av toppkandidaten og meir om oss: [sv.no/innlandet/oystreslidre](http://sv.no/innlandet/oystreslidre)



Meld deg inn i SV!

Send SMS med

INNMELDING <din e-post>  
<ditt navn><din adresse>  
til 2090 (100 kroner)

Øystre Slidre SV  
[sv.no/innlandet/oystreslidre](http://sv.no/innlandet/oystreslidre)  
[facebook.com/OystreSlidreSV](https://facebook.com/OystreSlidreSV)